
MØTEPROTOKOLL

Utval: Styret for Helse Møre og Romsdal HF
Møtedato: 23.10.2019
Tidsramme: kl 10:00-14:45
Sted: Ørsta, Hotell Ivar Aasen
Saksnr.: 62/19 - 69/19
Arkivsak: 2019/133

Møteleiar:
Ingve Theodorsen

Møtande medlemmer:
Lodve Solholm
Toril Forbord
Gerd Marit Langøy
Anette Lekve
Sigurd Torvik Heian
Hilde Furnes Johannessen

Frå brukarutvalet møte:
Ingrid Løset
Hilde Marie Kleiven

Forfall:
Bjarne Storset

Frå administrasjonen møte:
Konstituert administrerende direktør Nils Kvernmo
Rådgivar Marianne Gravem (styresekretær)

Styreleiar innleia møte med å ønske velkommen til styremøte.

Styreleiar informerte om omvising ved Volda sjukehus med då særleg fokus på bygningsmessig utviklingsplan i forkant av styremøtet.

Sak 62/19 Godkjenning av innkalling og saksliste

Styreleiar foreslår å ta inn ei sak om tilsetjing av ny administrerende direktør. Styret godtek dette samrøystes og saka får saknummer 68/19 og godkjenning av protokoll vert sak 69/19.

Vedtak:

Styret for Helse Møre og Romsdal godkjenner innkalling og saksliste.

Sak 63/19 Orienteringssaker

Styret fekk følgjande orienteringar:

- Orientering frå administrerende direktør
- Status SNR
- Munnleg orientering om statsbudsjett 2020

(Sjå publisert presentasjon «AD-Orientering»)

Vedtak:

Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringane til vitende.

Sak 64/19 Referatsaker (utan saksframlegg)

Styret har motteke følgjande referatsaker og tek dei til orientering.

- Protokoll frå styremøte i Helse Midt-Norge 25.09.2019
- Protokoll frå AMU – møte 21.10.2019
- Protokoll frå Brukarutvalsmøte 21.10.2019
- Protokoll frå føretaksmøte HMR 27.06.2019
- Brev frå Ålesund bystyre 27.09.2019
- Brev frå Helse Midt-Norge RHF – svarbrev til Ålesund bystyre
- Varsel om internrevisjon Helse Midt-Norge 2019/2020

Sak 65/19 Statusrapport september 2019 – kvalitet, økonomi og aktivitet**Vedtak:**

1. Styret i Helse Møre og Romsdal HF tek statusrapporten september 2019 til orientering.
2. Styret i Helse Møre og Romsdal HF ber administrerende direktør kome tilbake til styret på desember-møtet med tiltak som på kort sikt vil redusere ventetid i voksen- og barnepsykiatrien.

Sak 66/19 Implementering av program for antikorrupsjon i Helse Midt-Norge**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orienteringa om program for antikorrupsjon med implementeringsplan i Helse Midt-Norge til vitende.

Sak 67/19 Bygningsmessig utviklingsplan HMR eks. SNR – revisjon**Vedtak:**

Styret for Helse Møre og Romsdal HF tek orientering om revisjon av bygningsmessig utviklingsplan for HMR eks. SNR til vitende.

Stemmeforklaring frå dei tre tilsettvalte i styret Hilde Furnes Johannessen, Anette Lekve og Sigurd T. Heian: Helse Møre og Romsdal har ambisiøse mål dei neste åra. Store deler av Ålesund sjukehus er snart 50 år gammalt. For at Helse Møre og Romsdal skal kunne greie å kome i økonomisk balanse må Ålesund sjukehus oppgraderast. Dette for å møte den rasjonelle drifta som det leggst opp til. Forventar ein fortgang i dette arbeidet.

Sak 68/19 Tilsetting av administrerande direktør i Helse Møre og Romsdal

Møtet vert lukka for offentlegheita med hjemmel i Helseforetaksloven §26 a punkt 1. Tilstade: Styret med unntak av AD Kvernmo. I tillegg var styresekretær, HR-direktør, kommunikasjonsdirektør og kommunikasjonsrådgjevar tilstade.

Vedtak:

Vedtaket blir publisert seinare.

Sak 69/19 Godkjenning av protokoll 09/2019 – styremøte 23.10.2019**Vedtak:**

Styret i Helse Møre og Romsdal godkjenner og signerer protokollen for 23.10.2019.

Molde, 23.10.2019

Ingve Theodorsen
styreleiar

Lodve Solholm
nestleiar

Fråverande

Toril Forbord

Gerd Marit Langøy

Bjarne Storset

Anette Lekve

Sigurd Torvik Heian

Hilde Furnes Johannessen